



Førespurnad om bruk av anonym sædprøve ved trening av politihundar

Hundetenesa til Politiet trenar spesialhundar til etterforskning av voldtektssaker. Hundane blir trena opp til å kjenna att lukta av human sæd.

Overskotsmateriale frå anonymiserte sædprøvar blir frose ned og gjeve bort i frosen tilstand til Hundetenesta. Desse vil bli nytta som luktekjelde i trening av hundane. Etter bruk blir dei destruert.

Å gje bort overskot av din sædprøve vil ikkje påverka behandlinga eller utgreiinga di hjå oss. Det inneber ingen risiko for deg og gjev heller ingen direkte føremoner for deg, men du kan vera med på å bidra til å betre politiet sin beredskap når det gjeld alvorleg kriminalitet.

Prøvane vil bli handsama utan namn, fødselsnummer eller andre gjenkjennande opplysningar. Det vil såleis ikkje vera mogleg å identifisere gjevar av materialet.

Dersom du ynskjer å bidra i opplæring av politihundar underteiknar du erklæringa om samtykkje. Du kan, når som helst og utan å grunngje det, trekkje deg utan at dette vil få fylgjer for deg og behandlinga di. Dersom du har spørsmål eller du allereie deltar og ynskjer å trekkje deg, kan du kontakte kvinneklinikken på telefon 55974200.

Interesseerklæring

Seksjon for assistert befruktning, Kvinneklinikken, Haukeland Universitetssjukehus eller Politiet har inga økonomisk gevinst av dette prosjektet.

Samtykke til deltaking

Eg gjev med dette mitt samtykke til å donere eventuelt overskotsmaterialet av min sædprøve til trening av politihundar.

Namn (med blokkbokstavar):

.....

.....
Dato/signatur deltakar